



Bypakke Ålesund

Handlingsprogram 2026-2029,
og budsjett 2026

Innhald

1.	Om Bypakke Ålesund.....	2
2.	Mål og styring.....	2
2.1	Mål- og resultatstyring	2
2.1.1	Hovudmål	2
2.1.2	Evaluering av måloppnåing	3
2.2	Organisering og styring av Bypakke Ålesund	3
3.	Økonomi.....	4
3.1	Økonomiske rammer.....	4
3.2	Bompengear	4
3.3	Om porteføljestyling av bypakka	4
4.	Prioriteringar og porteføljestyling 2025-2028	5
5.	Budsjett 2026	7
6.	Tilskotsordning for mindre byområde.....	10
7.	Prosjekta i bypakka.....	10
ID1	E136 Brosundbro/Waterfront.....	10
ID2	Kollektivknutepunkt i sentrum, Keiser Wilhelmsgate / Korsegata	11
ID3	E136 Kollektivknutepunkt Ålesund sjukehus	11
ID4	E136 Kollektivknutepunkt Campus Ålesund	11
ID5	E136 Breivika-Lerstad.....	11
ID6	E136 Lerstadtoppen – Campus Ålesund	11
ID7	Tiltak for kollektivtrafikk, gåing og sykling og trafikktryggleik.....	11
ID702	Sykkelveg ved Volsdalen skole.....	12
ID703	Sykkeltiltak sentrum - Volsdalen.....	12
ID704	Sykkelveg Tonningsgate-Steinvågbrua.....	12
ID708	E136 Hatlaåstunellen-Vindgårsskiftet.....	12
ID731	Strakstiltak kollektiv	12
ID732	Hessafjordveien – Slinningen med snuplass	12
ID733	/ Tilskotsmidlar til Busstopp E136 Volsdalen / Color Line stadion	12
ID734	Fremkome Aspøya	13
ID738	E136 Kollektivpunkt Moa	13
ID761	Strakstiltak, skoleveg, gangfeltsikring.....	13
ID762	Fortau Ytre Hessen.....	13

ID763 Undergang på Bjørge, Ellingsøy	13
Det er venta at reguleringsplanen kan vere klar for offentleg ettersyn høsten 2026. Reguleringsplan er venta ferdigstilt i starten av 2027.	13
ID765 TS-tiltak skoleveg Aspøy skole og sentrum	13
ID 767 – Fortau/-sykkelveg Borgundvegen, ved Hatlane skole.....	13
Myrlandsvegen fortau del 1	14
Sykkelveg med fortau Meierikaia-Color Line stadion.....	14
ID8 Fv. 60 Blindheim-Flisnes.....	14
ID9 E39 Myrland, påkøyringsrampe	14
ID10 Bomstasjonar	14
ID11 Planlegging og prosjektering.....	14
Kommunikasjon.....	15
Vedlegg.....	15

1. Om Bypakke Ålesund

Bypakke Ålesund er eit samarbeidsprosjekt mellom Ålesund kommune, Møre og Romsdal fylkeskommune og Statens vegvesen, for å løyse samferdselsutfordringar i Ålesund. Bypakke Ålesund skal legge til rette for at ein større del skal sykle, gå og reise kollektivt samt gje eit påliteleg og effektivt transportsystem for alle trafikantar. Bypakken skal bidra til ei attraktiv og berekraftig byutvikling.

I juni 2021 vart bypakka vedtatt i Stortinget med ei samla økonomisk ramme på om lag 4,2 mrd. 2021-kroner (etter indeksering). Dette utgjer om lag 5,37 mrd. 2026-kroner. Finansieringa av pakka er basert på innkrevjing av bompengar, samt statlege, fylkeskommunale og kommunale midlar. I tillegg kjem meirverdiavgift som staten refunderer for prosjekt i pakka. Bypakke Ålesund vil ha ein innkrevjingsperiode på inntil 15 år, og innkrevjinga starta 22. august 2022.

2. Mål og styring

2.1 Mål- og resultatstyring

Mål- og resultatstyring er det grunnleggjande styringsprinsippet i offentleg verksemd. Bypakke Ålesund vert styrt etter dette prinsippet. Reint konkret inneber det at overordna, politisk sette mål for bypakka, vert konkretisert på ein slik måte at resultatata i bypakken kan målast, vurderast og følgjast opp.

2.1.1 Hovudmål

Det er fastsett tre hovudmål for Bypakke Ålesund:

- Byen skal ha eit påliteleg og effektivt transportsystem for alle transportformer. Transportsystemet må møte veksten i transportsektoren.
- Bypakka skal bidra til å utvikle eit framtidretta kollektivtilbod.

- Bypakka skal bidra til attraktiv og berekraftig byutvikling.

Føremålet med bypakka i Ålesund er at fleire skal sykle, gå og reise kollektivt og at delen reiser med personbil skal reduserast.

Ålesund kommune har vedtatt at dei ynskjer å leggje nullvekstmålet til grunn for bypakka. Det er ein føresetnad for å kunne få investeringsmidlar gjennom tilskotsordninga for mindre byområde, at ein forpliktar seg til å følgje opp eit slik nullvekstmål for persontransport med bil. Bypakke Ålesund har derfor som mål nullvekst for persontransport med bil i Ålesund.

2.1.2 Evaluering av måloppnåing

Det vert lagt opp til å gjennomføre teljingar for dei ulike transportformene for å sjå korleis trafikkbiletet utviklar seg i utbyggingsperioden. Vegamot held ved like denne statistikken og orienterar til styringsgruppa om utviklinga i trafikk og inntekter.

På prosjektnivå er det utarbeidd effektmål for prosjekta i bypakka, for å kunne vurdere kva verknad dei ulike prosjekta har i høve måla for bypakka. Dette er eit verktøy for å prioritere dei mindre prosjekta inn i porteføljen.

Hausten 2024 vart det gjennomført ein internrevisjon av prosjekta i Bypakke Ålesund. Internrevisjonen oppdaterte kostnadsanslag, og gjorde nye vurderingar av effektmål for prosjekta. Samla måloppnåing for kvart enkelt prosjekt vart også oppdatert. Internrevisjonen blir brukt som styringsverktøy.

2.2 Organisering og styring av Bypakke Ålesund

Det er etablert ei styringsgruppe og eit sekretariat for porteføljestyling av bypakka. Ålesund kommune, Møre og Romsdal fylkeskommune og Statens vegvesen deltek som likeverdige parter inn i samarbeidet.

Det går eit skilje mellom prosjektstyring og porteføljestyling. Partane har sjølve ansvaret for å gjennomføre planlegging og utbygging av sine egne prosjekt (prosjektstyring). Styringsgruppa står for porteføljestylinga av pakka og skal sikre at ho vert gjennomført i tråd med Stortinget sitt vedtak. Dette betyr mellom anna at styringsgruppa skal følgje opp at ein held seg innanfor den økonomiske ramma som er fastsett. Sekretariatet førebur saker til styringsgruppa og sikrar god informasjonsflyt og samarbeid mellom partane.

Figuren nedanfor viser organiseringa av Bypakke Ålesund.



3. Økonomi

3.1 Økonomiske rammer

Ramma for Bypakke Ålesund er 5,37 mrd. 2026-kroner. Av dette utgjør dei statlege prosjekta 4,31 mrd. kroner, dei fylkeskommunale prosjekta 0,62 mrd. kroner og dei kommunale prosjekta 0,43 mrd. kroner. Utbygginga vert finansiert av bompengar, statlege, fylkeskommunale og kommunale midlar, samt refundert momskompensasjon frå staten. Bompengefinansieringa står for 4,14 mrd. kroner, medan 1,23 mrd. kroner er bidrag frå stat, fylkeskommune og kommune, inkludert momskompensasjon.

Finansdepartementets prognoseindeks for veganlegg i inneverande budsjettår blir brukt i bypakken sitt handlingsprogram. I 2025 var prognosen 4.5%, mens faktisk prisvekst vart 3.1% (SSB). I det vidare venter Finansdepartementet ein prisvekst i 2026 på 3.5%. Administrasjonen gjer merksam på at handlingsprogrammet sine styringsrammer i 2026-kr derfor ikkje kan lesast som ei endeleg definert ramme. Avvik frå prognosen vil påverke styringsrammene i bypakken i positiv eller negativ retning. Dette blir korrigert inn i handlingsprogrammet etter at endeleg prisvekst for budsjettåret er offentleg.

3.2 Bompengar

Bypakke Ålesund vil ha ein innkrevjingsperiode på inntil 15 år, noko som er i tråd med lokalpolitiske vedtak. Bompengeinnkrevjinga starta opp i august 2022.

Det er etablert 13 bomstasjonar med tovegs innkrevjing i Ålesund.

I Prop. 201 S (2020-2021) er det fastsett ein gjennomsnittstakst på 14,50 2021-kroner, og denne skulle vere grunnlag for justering av takstane i Bypakke Ålesund. I januar 2026, etter takstjustering etter KPI og med redusert rabatt for nullutsleppskøyretøy i takstklasse 1 frå og med 01.01.26, er faktisk gjennomsnittstakst per passering på 9,7 2026-kroner. Dette er betydeleg lågare enn 14,5 2021-kroner (17,20 2025-kroner). Handlingsrommet for å auke inntekter er dermed formelt til stades.

3.3 Om porteføljestyling av bypakka

Bypakke Ålesund vert styrt etter prinsippa for porteføljestyling. Stortingets fastsette gjennomsnittstakst og fastsett innkrevjingstid utgjør den økonomiske ramma for bompengepakken. Dersom økonomien blir dårlegare enn venta, må dette følgjeleg løysast innanfor den økonomiske ramma til pakka.

Bompengeproposisjonen for Bypakke Ålesund føreset sterk kostnadskontroll ved gjennomføringa av prosjekta i pakka. Dersom kostnadene for nokre av prosjekta aukar, vil dette innebære at andre prosjekt må reduserast eller eventuelt ikkje kan gjennomførast. Dersom enkelte prosjekt vert rimelegare enn føresett, vil det bli rom for fleire prosjekt, alternativt kan innkrevjingsperioden kortast ned.

Dersom inntektene i pakken blir lågare enn venta, og det ikkje er lokal tilslutning til å auke takstane, inneber dette at det må kuttast eller reduserast i den vedtekne porteføljen.

Arbeidet med porteføljestylinga skal skje gjennom ei årleg rullering av eit fireårig handlingsprogram med hovudvekt på mål- og resultatstyring.

I følgje retningslinjene for porteføljestyrt bypakker skal fylkeskommunen og kommunen bidra med ein eigenandel på minst 20 prosent av den investeringskostnaden for fylkeskommunale og kommunale prosjekt (ekskl. meirverdiavgift). Dette kravet er innfridd i prosjektporteføljen som ligg til grunn for den vedtekte bompengeproposisjon og er også førande for porteføljestyringa i gjennomføringa av pakka. Handlingsprogrammet for 2026 – 2029 ivaretek kravet til eigenandel med ein lokal eigenandel på 20,5 prosent, og det er lite handlingsrom til omfordeling av rammer for bompengar mellom stat og lokale partar.

4. Prioriteringar og porteføljestyring 2025-2028

Styringsgruppa har prioritert prosjekt inn i handlingsprogrammet for 2026-2029 i tråd med måla for bypakka og dei økonomiske rammene som ligg til grunn i Prop. 201 S (2020-2021).

I 2025 gjorde styringsgruppa vedtak om å endre rabatt for nullutsleppskøyretøy i takstklasse 1 frå 50 prosent av grunntaksten, til 30 prosent av grunntaksten. I tillegg støtta styringsgruppa at det også i 2029 ikkje skal startast opp nye prosjekt. Desse to grepa har bidratt til å betre finansieringssituasjonen for Bypakke Ålesund. Det er framleis slik at det berre er opphaveleg ramme frå bompengeproposisjonen som er finansiert, og ikkje den kostnadsauka sekretariatet har vist for prosjekta ID4 Kollektivknutepunkt Campus og ID6 Lerstادتoppen-Campus.

I 2025 vart det lagt fram ei eiga sak som gjekk gjennom ID7 Sekkepost og ID11 Planlegging og prosjektering. Styringsgruppa si avgjerd for prioritering mellom prosjekta i ID7, samt andre vedtak om endringar i 2025, er lagt til grunn for handlingsprogrammet for 2026-2029.

I januar 2026 gjorde styringsgruppa vedtak om å prioritere utbygging av ID6 Lerstادتoppen-Campus framfor statleg del av ID4 Kollektivknutepunkt Campus og det statlege prosjektet ID9 Påkøyringsrampe Myrland. Denne endringa blir innarbeidd i handlingsprogram for 2027-2030 sidan prosjektet ID6 først vil ha oppstart i 2030.

For nærare omtale av prosjekt og planlagt aktivitet i handlingsprogramperioden, sjå kapittel 6 Prosjekta i bypakken. Aktiviteten i handlingsperioden er kort gjort greie for under:

- Kollektivknutepunktet Keiser Wilhelmsgate /Korsegata i sentrum vart tatt i bruk i 2024 og endeleg prosjektoppgjer var klart tidleg i 2025. Prosjektet hadde eit mindreforbruk på 27 mill. kroner som var omdisponert av styringsgruppa.
- Kollektivknutepunkt ved Ålesund sjukehus vart tatt i bruk i desember 2025. Prosjektet sluttfinansierast og avsluttast i 2026. Nokre mindre arbeidar gjennomførast i 2026 mellom anna grøntarbeid og ein adkomstveg.
- Kollektivknutepunktet ved Campus er vedtatt nedskalert. Eiga sak blir lagt fram i 2026.
- Det vil vere noko aktivitet på strekinga Lerstادتoppen – Campus i handlingsprogramperioden.
- Bygging av Brosundbro/Waterfront blir truleg starta opp i 2026, med utlysing av kontrakt våren 2026 og mogleg oppstart i slutten av 2026.
- For E136 Breivika-Lerstad var det byggestart i 2022, medan hovudentreprise vart lyst ut i 2023 og kontrakt inngått i januar 2024. I januar 2026 var det gjennomslag i det sørlege tunnellopet, og gjennomslag for det nordlege løpet er venta i mars 2026. I april 2026 er det planlagt restanslag i prosjektet, og mykje av usikkerheita vil etter det vere avklart. Prosjektet er planlagt fullført i 2027
- Fv. 60 Blindheim-Flisnes hadde byggestart våren 2024, og er planlagt ferdig i 2026. Prosjektet meldte i 2025 om kostnadsoverskriding. Denne er finansiert med porteføljestyring, og bruk av midlar frå ID4 og ID7. Hovedentreprenøren leverte begjæring om oppbud tirsdag 03.03.2026, og

selskapet vart erklært konkurs onsdag dagen etter, 04.03.2026. Med all sannsynlighet vil dette påvirke framdrifta i prosjektet, som opprinneleg var planlagt ferdig på seinhausten i år.

- I tillegg til dei store prosjekta vert det lagt opp til å planleggje, prosjektere og bygge ut fleire prosjekt under sekkeposten for sykkel, gåande, kollektiv og trafikktryggleik i perioden.

Handlingsprogrammet for 2026-2029 følgjer i tabellen nedanfor (mill. 2026-kroner).

BYPAKKE ÅLESUND

Handlingsprogram 2026-2029

Prosj. ID	Prosjekt	Veg-eier	Byggherre	Finans.	Gjeldende styringsramme	2026-kroner				Prognose 2026	Gjenstående fra 2029
						Budsjett 2026	HP 2027	HP 2028	HP 2029		
1	E136 Brosundbro, Waterfront/Posthuskrysset	S	S	S	420,0	127,9	170,0	103,0	0,0	38,0	38,8
2	Kollektivknutepunkt i sentrum - Keiser Wilhelmsgt. og Korsegata	FK	F	FK	82,2	6,3	0,0	0,0	0,0	0,4	-0,6
3	Kollektivknutepunkt ved Ålesund sjukehus	S	S	S	101,8	5,3	0,0	0,0	0,0	5,2	0,0
4	Kollektivknutepunkt ved Campus	SFK	S	SFK	337,6	1,1	0,0	0,0	0,0	1,4	312,8
5	E136 Breivika-Lerstad	S	S	S	2 785,2	581,9	520,0	104,0	80,0	680,0	66,9
6	E136 Lerstadtoppen - Campus	S	S	S	601,7	-22,2	2,5	2,5	2,5	32,5	499,9
7	Gang- og sykkelveg, trafiksikkerhet og kollektiv	SFK	SFK	SFK	361,7	35,8	24,5	96,0	42,2	33,4	41,3
8	Fv. 60 Blindheim-Flisnes med lokalveger	FK	F	FK	502,3	171,4	4,0	0,0	0,0	172,8	0,0
9	E39 Myrland, påkjøringsrampe	S	S	S	47,2	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	47,2
10	Bomstasjoner	S	S	S	55,5	-3,9	2,0	1,0	1,0	0,8	28,8
11	Planlegging og prosjektering	-	-	SFK	75,7	13,3	9,4	8,7	2,1	8,0	5,3
					5 370,8	916,8	732,4	315,2	127,8	972,5	1 040,5

Ein utvida tabell som viser partane sin del inn i dei enkelte prosjekta fordelt på eigenfinansiering og bompengar, ligg som vedlegg til handlingsprogrammet.

Det er avvik mellom planlagt forbruk i 2026 (prognose) og budsjett for 2026. Det er derfor tatt med ei kolonne som viser det planlagde forbruket i 2026 (Prognose 2026), i tillegg til budsjettkolonna som viser dei tilgjengelege finansieringsmidlane. Ver merksam på at i dei tilfella der det er avvik mellom budsjett 2026 og prognose 2026, så vil ein få overført meir- eller mindreforbruk til 2027.

Arbeidet med prosjekt 10 Bomstasjonar er delt mellom Statens vegvesen og Vegamot. Vegamot har inngått ein leasingkontrakt noko som fører til at deira investeringskostnad er fordelt ut over fleire år.

Tabellen nedanfor viser ei nærare oppstilling over kva prosjekt som inngår i post 7 Gang- og sykkelveg, trafikktryggleik og kollektiv (mill. 2026-kroner). Kolonne "KO 2026-kr" viser opprinnelige rammer fra 2019 som er indeksregulert. Det vil derfor være avvik på både prognoser og summer HP 2026-2029 sett opp mot "KO 2026-kr".

Handlingsprogram - Post 7 Gang- og sykkelveg, trafiksikkerhet og kollektiv

2026-kroner

Nr.	Prosjekt prioritert i sekkepost	Veg-eier	KO 2026-kr	Budsjett 2026	Prognose 2026	HP 2027	HP 2028	HP 2029
701	Strakstiltak eks. sykkelnett - Stat	S	13,9	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
701	Strakstiltak eks. sykkelnett - FK	F	7,6	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
701	Strakstiltak eks. sykkelnett - ÅK	K	0,0	0,4	0,2	0,8	1,3	0,0
702	Sykkelveg ved Volsdalenskole	F	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
704	Sykkelveg Tonningsgt-Steinvågbrua	F	58,5	7,7	-5,0	0,0	0,0	0,0
731	Strakstiltak kollektiv signalprioritering mm - ÅK	K	0,0	0,3	0,8	0,5	2,8	0,0
732	Hessafjordvn-Slinningen med snuplass	K	34,7	25,4	0,0	14,7	14,7	14,7
734	Fremkommelighet- Aspøya	K	19,0	17,7	18,3	0,2	0,0	0,0
738	Busstopp på Moa, tiltak for bedre bussavvikling	S	6,9	0,3	0,0	0,0	0,0	0,0
761	TS-strakstiltak , skoleveg, gangfeltssikring - ÅK	K	0,0	2,2	1,5	1,3	2,3	0,0
762	Fortau Ytre Hessen(fra skolen)	K	21,1	-6,5	5,4	0,0	0,0	0,0
763	Undergang på Bjørge, FV107-Ellingsøy	F	47,5	2,0	0,0	3,0	35,0	7,5
764	Myrlandsvn fortau, del 1	K	20,8	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
765	TS-tiltak skoleveg Aspøy skole og sentrum	K	3,7	1,3	4,3	0,0	0,0	0,0
766	Skoleveg-Skarbggt-Hessaskaret	F	4,4	1,0	0,0	0,0	0,0	0,0
	Sum		289,0	64,7	33,5	24,5	96,0	42,2

I 2025 vart det gjort ei rekke rammejusteringar på prosjektane under ID7 Gang- og sykkelveg, trafiksikkerheit og kollektiv. Endringar er gjort greie for i Bypakke Ålesunds årsrapport for 2025.

5. Budsjett 2026

Budsjettet for 2026 viser den planlagde aktiviteten i Bypakke Ålesund. I budsjettet ligg tildelte midlar til det enkelte prosjekt inne. Tildelte midlar avvik for nokre prosjekt frå det som er planlagt framdrift og produksjon i år, så det er også satt opp ei prognose for forbruk. Prosjektet E136 Brosundbro, Waterfront/Posthuskrysset har frå tidlegare budsjett med seg eit mindreforbruk på omlag 127 mill. Kronar med ein prognose på 38 mill. I 2026 og som derav gir størst avvik mellom disponible midlar og prognose på omlag 90 mill. Kr. Budsjettet for 2026 er totalt på 916,8 mill. kroner, medan prognosen er på 971,8 mill. Kroner. Avviket skuldast at budsjettinnspel er i tråd med tidlegare innmeldingar i statsbudsjett, fylkeskommunale og kommunale budsjettprosessar. Avviket mellom prognose og budsjett finansierast av eigenkapital hos partane, og ikkje bompengar. Største meirforbruk mellom prognose og budsjett er på E136 Breivika-Lerstad med omlag 100 mill. Kr høgare prognose enn budsjett.

I sluttfasen av budsjettarbeidet vart sekretariatet i Bypakke Ålesund informert om at entreprenøren på prosjektet ID8 Blindheim-Flisnes har meldt oppbod. Framdrifta for prosjektet er dermed usikker og følgeleg årsprognosen. Eventuelle avvik som kjem som følge av oppbodet med konsekvensar for årsbudsjettet behandlast på vanleg måte i styringsgruppa.

Aktiviteten i bypakka vert finansiert av bompengar, statlege, fylkeskommunale og kommunale midlar, samt refundert momskompensasjon frå staten. I 2026 vert det lagt opp til å trekke opp 768,6 mill. kroner i bompengar, av ei total omsetning på 972,5 mill. kroner. Dei statlege prosjekta vil omsette for 757,3 mill. kroner. 123,8 mill. kroner av denne omsetninga blir finansiert av egne midlar og 633,5 mill. kroner av bompengar. Kommunen vil omsette for 114 mill. kroner som blir finansiert med 65,6 mill. kroner i egne midlar og 48,4 mill. kroner i bompengar. Fylkeskommunen vil omsette for om lag 101,3 mill. kroner, kor av 14,5 mill. kroner blir finansiert av egne midlar og 86,8 mill. kroner er finansiert av bompengar.

I 2026 vert det stor aktivitet i bypakken, det er både på prosjekt som allereie er starta opp og det er planlagt oppstart av Brosundbro. Det vil også gå føre seg planlegging, prosjektering og klargjering av prosjekt for oppstart. Nærare omtale av prosjekta finst i kapittel 7.

Tabellen nedanfor viser budsjettet for Bypakke Ålesund i 2026.

BYPAKKE ÅLESUND

Handlingsprogram 2026-2029

Prosjekt	Finans.	2026-kroner			Budsjett 2026			Prognose 2026			
		Egen-finans.	Bom	Gjeldande styringsramme	Egen-finans.	Bom	Sum	Egen-finans.	Bom	Sum	
Stat	S	859,6	3 453,2	4 312,8	38,3	651,6	689,9	123,8	633,5	757,3	
Fylkeskommune	F	117,8	505,8	623,7	15,1	99,4	114,5	14,5	86,8	101,3	
Kommune	K	252,3	182,1	434,4	44,9	67,6	112,4	65,6	48,4	114,0	
Sum	SFK	1 229,7	4 141,1	5 370,8	98,3	818,6	916,8	203,9	768,6	972,5	
1	E136 Brosundbro, Waterfront/Posthuskrysset	S	0,0	420,0	420,0	1,0	126,9	127,9	1,0	37,0	38,0
	- Fylkeskommune	F	0,0	49,2	49,2	-0,9	1,7	0,8	0,1	0,3	0,4
	- Kommune	K	19,1	13,8	33,0	-1,4	6,9	5,5	0,0	0,0	0,0
2	Kollektivknutepunkt i sentrum - Keiser Wilhelmsgt.	FK	19,1	63,1	82,2	-2,3	8,5	6,3	0,1	0,3	0,4
3	Kollektivknutepunkt ved Ålesund sjukehus	S	14,1	87,6	101,8	1,6	3,7	5,3	1,7	3,5	5,2
	- Stat	S	47,6	218,6	266,2	-2,6	4,6	2,0	0,2	0,0	0,2
	- Fylkeskommune	F	14,7	54,7	69,3	0,0	0,0	0,0	0,1	0,3	0,4
	- Kommune	K	2,0	0,0	2,1	-0,9	0,0	-0,9	0,8	0,0	0,8
4	Kollektivknutepunkt ved Campus	SFK	64,3	273,3	337,6	-3,5	4,6	1,1	1,1	0,3	1,4
5	E136 Breivika-Lerstad	S	616,9	2 168,3	2 785,2	70,9	511,0	581,9	125,0	555,0	680,0
6	E136 Lerstadtoppen - Campus	S	180,9	420,8	601,7	-28,6	6,4	-22,2	0,0	32,5	32,5
	- Stat	S	0,0	28,5	28,5	-1,1	0,0	-1,1	-0,9	1,5	0,6
	- Fylkeskommune	F	34,5	143,0	177,5	-5,5	17,2	11,8	-5,0	0,0	-5,0
	- Kommune	K	90,4	65,3	155,7	-6,5	31,5	25,1	22,1	15,8	37,9
7	Gang- og sykkelveg, trafikkisikkerhet og kollektiv	SFK	124,9	236,8	361,7	-13,0	48,8	35,8	16,2	17,3	33,4
	- Fylkeskommune	F	63,8	237,6	301,4	20,4	72,5	92,9	18,9	84,8	103,7
	- Kommune	K	115,8	85,1	200,9	48,8	29,7	78,5	39,5	29,6	69,1
8	Fv. 60 Blindheim-Flisnes med lokalveger	FK	179,6	322,7	502,3	69,2	102,2	171,4	58,4	114,4	172,8
9	E39 Myrland, påkjøringsrampe	S	0,0	47,2	47,2	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
10	Bomstasjoner	S	0,0	55,5	55,5	-2,9	-1,0	-3,9	-3,2	4,0	0,8
	- Stat	S	0,0	6,7	6,7	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
	- Fylkeskommune	F	4,9	21,4	26,3	1,1	8,0	9,1	0,5	1,3	1,8
	- Kommune	K	25,0	17,8	42,7	4,8	-0,5	4,3	3,2	3,0	6,2
11	Planlegging og prosjektering	SFK	29,9	45,9	75,7	5,9	7,4	13,3	3,7	4,3	8,0

Tabellen nedanfor viser budsjettet for post 7 Gang- og sykkelveg, trafikktryggleik og kollektiv i 2026

Budsjett - Post 7 Gang- og sykkelveg, trafiksikkerhet og kollektiv

Nr.	Prosjekt prioritert i sekkepost	Veg-eier	KO 2026-kr	Budsjett 2026	Prognose 2026
701	Strakstiltak eks. sykkelnett - Stat	S	13,9	0,0	0,0
701	Strakstiltak eks. sykkelnett - FK	F	7,6	0,0	0,0
701	Strakstiltak eks. sykkelnett - ÅK	K	0,0	0,4	0,2
702	Sykkelveg ved Volsdalenskole	F	0,0	0,0	0,0
704	Sykkelveg Tonningsgt-Steinvågbrua	F	58,5	7,7	-5,0
731	Strakstiltak kollektiv signalprioritering mm - Stat	S	13,9	0,0	0,0
731	Strakstiltak kollektiv signalprioritering mm - FK	F	2,8	0,0	0,0
731	Strakstiltak kollektiv signalprioritering mm - ÅK	K	0,0	0,3	0,8
732	Hessafjordvn-Slunningen med sнопlass	K	34,7	25,4	0,0
733	Fremkommelighet- Sentrum-Volsdalen	S	34,7	-0,2	0,0
733	Fremkommelighet- Sentrum-Volsdalen	F	0,0	0,0	0,0
733	Fremkommelighet- Sentrum-Volsdalen	K	0,0	0,0	0,0
734	Fremkommelighet- Aspøya	F	0,0	0,0	0,0
734	Fremkommelighet- Aspøya	K	19,0	17,7	18,3
738	Busstopp på Moa, tiltak for bedre bussavvikling	S	6,9	0,3	0,0
761	TS-strakstiltak , skoleveg, gangfeltsikring - FK	F	6,5	0,0	0,0
761	TS-strakstiltak , skoleveg, gangfeltsikring - ÅK	K	0,0	2,2	1,5
762	Fortau Ytre Hessen(fra skolen)	K	21,1	-6,5	5,4
763	Undergang på Bjørge, FV107-Ellingsøy	F	47,5	2,0	0,0
765	TS-tiltak skoleveg Aspøy skole og sentrum	K	3,7	1,3	4,3
766	Skoleveg-Skarbgt-Hessaskaret	F	4,4	1,0	0,0
Sum			289,0	64,7	33,5

Tabellen nedanfor viser budsjettet for post 11 Planlegging og prosjektering i 2026

Budsjett - Post 11 Planlegging og prosjektering

Nr.	Planlegging knytt til prosjekt	Finans.	Budsjett 2026
	Fylkeskommune	F	9,04
	Kommune	K	7,01
	Sum		16,05
112	Kommunikasjon	K	2,00
701	Strakstiltak eks. sykkelnett - Kommune	K	1,50
731	Strakstiltak kollektiv signalprioritering mm - Kommune	K	1,00
733	Fremkommelighet- Sentrum-Volsdalen	K	0,50
734	Fremkommelighet- Aspøya	K	1,01
761	TS-strakstiltak , skoleveg, gangfeltsikring - Kommune	K	1,00
763	Undergang på Bjørge, FV107-Ellingsøy	F	4,52
767	Fortau -skolevg Hatlane, Fv399 Bvn	F	4,52
Sum			16,05

6. Tilskotsordning for mindre byområde

For å leggje til rette for ei klima- og miljøvenleg byutvikling og god framkome har regjeringa etablert ei ny tilskotsordning for mindre byområde. Føremålet med ordninga er å styrke satsinga på kollektivtrafikk, sykling og gåande. Midlane som vert tildelt gjennom ordninga vil gå til mindre investeringar i gang- og sykkelveggar og kollektivtiltak på riksveg, fylkesveg og kommunal veg.

Bypakke Ålesund fekk midlar frå ordninga i 2022 til kollektivprosjektet Busslommer på Moa, i 2023 til Sykkelveg Tonningsgt-Steinvågbrua og i 2024 til Lerstadbakken busstopp og til sykkelveg Gåseid-Hatlane-Åse . I 2025 fekk Bypakke Ålesund støtte til prosjektutviding på prosjektet Sykkelfelt Vingårdsskiftet og prosjektutviding på Ytre Hessen.

Det vart etablert ei fireårig ordning med «tilskudd til klima- og miljøvennlig byutvikling og god fremkommelighet i mindre byområder» i Prop. 1 S (2024-2025) for Samferdselsdepartementet, s. 123-124 .

Møre og Romsdal fylkeskommune søkte midlar frå ordninga på vegner av bypakke Ålesund, og fekk innvilga støtte til desse prosjekta:

Tall i mill. 2025-kr

Prosjekt	2025	2026	2027	2028	Sum
Sykkelfelt Vindgårsskiftet	10,0				10,0
Ytre Hessen-Prosjektutvidelse	3,2				3,2
Busstopp E1 36 Volsdalen/Colorline		10,0	10,0		20,0
Lerstadbakken busstopp		2,0			2,0
Flisnesvegen-Flisnesbakken				3,0	3,0
Snuplass Fremmerholen				4,0	4,0
Uspesifisert				1,8	1,8
Sum	13,2	12,0	10,0	8,8	44,0

7. Prosjekta i bypakka

Nedanfor følgjer ei kort beskriving av prosjekt i bypakka og handlingsprogrammet for 2026-2029. Merk at dette ikkje er ei uttømmende liste og at bypakka omfattar fleire prosjekt.

For omtale av måloppnåing for kvar enkelt sak viser vi til internrevisjonen som vart lagt fram for styringsgruppa i 2024, sak 3, møte 8/2024.

ID1 E136 Brosundbro/Waterfront

Bypakke Ålesund har vedteke styringsramme. Før utlysing står det att byggesaksbehandling samt ein intern gjennomgang av byggherreoverslag/restanslag. Utllysing er planlagt gjennomført i løpet av 2026, med mogleg anleggsstart i oktober same år. Prosjektet blir etter planen ferdig i 2028.

ID2 Kollektivknutepunkt i sentrum, Keiser Wilhelmsgate / Korsegata

Sluttoppgjeret er no fullført. Prosjektet hadde eit mindreforbruk på 27,72 mill. kroner, med ein reduksjon frå ei styringsramme på 108,6 mill. kroner til en sluttkostnad på 80,9 mill. kroner. Dette beløpet inneheld ikkje SVV sin del av ID 1 som utgjer ca. 15,6 mil.kr.

ID3 E136 Kollektivknutepunkt Ålesund sjukehus

Hovudentreprise vart ferdig i 2024, og busstopp er tekne i bruk. Offisiell opning av anlegget var 8. desember 2025, i samband med opning av parkeringshuset. Resterande arbeid omfattar grøntarbeid og avklaringar knytt til avkøyrsløse. Prosjektet blir avslutta i 2026.

ID4 E136 Kollektivknutepunkt Campus Ålesund

Prosjektet har hatt avgrensa aktivitet og var ikkje prioritert handlingsprogram 2025-2028. I sak 2/2026 vedtok styringsgruppa å overføre Statens vegvesen sin del til ID6. Endringa blir innarbeidd i handlingsprogrammet 2027–2030. SVV avsluttar si deltaking i 2026, og vidarefakturering til Møre og Romsdal fylkeskommune og Ålesund kommune er teke inn i prognosane.

ID5 E136 Breivika-Lerstad

Om lag 85 prosent av tunnelarbeidet var utført per 2026, med gjennomslag i februar 2026. Framdrifta har vore påverka av svake fjellforhold. Tunnelstein vart levert til prosjektet i Kipervika som planlagt, og trinn 1 av denne leveransen vart fullført til jul 2025. Tunnelopning er planlagt hausten 2027, medan vidare arbeid med gang og sykkelveg og nedbygging av Lerstadvegen er planlagt gjennomført i perioden 2028–2029.

ID6 E136 Lerstadtoppen – Campus Ålesund

Det er vedteke ei løyving på 97 mill. (2025-kroner) for perioden 2025–2028, omfatta prosjektering, grunnverv og påkopling til firefelts E136. I sak 2/2026 blei styringsramma auka til 917 mill. (2025-kroner), basert på porteføljestyling og eit redusert omfang etter ny kostnadsgjennomgang. Reguleringsplanarbeidet kan starte i 2026, og planleggingskostnader er innarbeidd for 2026-2029. Tidlegaste byggjearbeid er sett til 2030.

I dette prosjektet ligg det ombygging av T-kryss på Fylkesveg 536 Borgundvegen til rundkøyring. Det er dialog om dette bør finansierast av fylkeskommunal del i bypakken.

ID7 Tiltak for kollektivtrafikk, gåing og sykling og trafikktryggleik

Det skal gjennomførast tiltak retta mot gåande, syklande og kollektiv både på riksvegar, fylkesvegar og kommunale vegar. Det er lagt inn om lag 382 mill. 2025-kroner til ei rekke mindre tiltak for kollektivtrafikk, gåing og sykling og trafikktryggleik. Prosjekta er spreidd over heile byen, i tråd med tidlegare prioriteringar av bystyret i Ålesund.

I 2025 vart det gjennomført ein gjennomgang av ID7 og ID11. Vedtaket frå styringsgruppa i denne saken er innarbeidd i handlingsprogrammet, saman med endringar som er gjort etter dette vedtaket.

ID702 Sykkelveg ved Volsdalen skole

Som følge av at prosjektet ikkje lenger er fullfinansiert, er arbeidet med reguleringsplanen avslutta. Planprosessen vil ikkje bli vidareført før ny finansiering er avklart og prosjektet eventuelt blir tatt opp igjen.

ID703 Sykkeltiltak sentrum - Volsdalen

Mål med prosjektet: Tilrettelegging for sykkel mellom Volsdalen til sentrum der strekningen gjennom Fjellgata er valt via en forprosjektrapport som ble levert av Sweco i 2024. Prosjektet skal gjer det tryggare for syklistar gjennom å legge om krysset mellom Fjellgata og Fjelltunvegen, rydde opp i skilting, oppgradere belysning og skifte ut deler av asfalteringa på strekket.

Status og evt. merknad økonomi: Forprosjekt er levert i 2024 og prosjektering har pågått via HRP sidan før sommaren 2025. Førhandskonferanse vart gjennomført august 2025 med PLAN og Byggesak. Styringsgruppa vedtok et oppstartsvedtak 29.08.2025.

Tidsplan: Planlagt byggestart i tidleg 2026 med ferdigstilling i slutten av 2026.

ID704 Sykkelveg Tonningsgate-Steinvågbrua

Prosjekt vart ferdigstilt i juni, det gjenstår kun sluttoppgjær med entreprenør.

ID708 E136 Hatlaåstunellen-Vindgårsskiftet

Prosjektet er i avslutningsfase. Sykkelfelt og busstopp vart tekne i bruk i desember, og reasfaltering av strekninga er fullført. Farging av sykkelfelta blir gjennomført i 2026 grunna uheldige vêrtilhøve i 2025. Kommunen sine parallelle arbeid med VA og overvatn førte til eit meir omfattande prosjekt. Prosjektet blir avslutta i 2026.

ID731 Strakstiltak kollektiv

Mål med prosjektet: Et kontinuerlig prosjekt for å gjøre det mer attraktivt å velge bussen over personbilen.

Status og evt. merknad økonomi: Ytterligere tiltak vil være knyttet til punktvisse utbedringer av holdeplasser langs kommunale veier. Utvidelse av tiltaket rundt Lerstadbakkens østgående bussholdplass for å inkludere den vestgående bussholdeplassen planlegges. Ytterligere aktivitet er ikkje vurdert.

Tidsplan: Kontinuerleg

ID732 Hessafjordveien – Slinningen med snuplass

Mål med prosjektet: Tilrettelegging via bygging av ny kollektivtrase for rute 1 gjennom Slinningen der bussen i dag går gjennom et tettbebygd boligområdet utan skille mellom bussen og myke trafikantar. Hovuddelen av prosjektet blir et samarbeidsprosjekt mellom Ålesund kommune og VA.

Status og evt. merknad økonomi: Snuplassen på Slinningen ble ferdig i 2022. Planlegging og prosjektering av Hessafjordveien startar tidleg 2026.

Tidsplan: Planlagt oppstart av utbygging i 2027 med ferdigstilling i starten av 2029.

ID733 / Tilskotsmidlar til Busstopp E136 Volsdalen / Color Line stadion

Tiltaket har fått tildelt 10 mill. i tilskotssmidlar i 2026 og 10 mill.kr i 2027. Det skal etablerast busslommer på begge sider av E136, samt om lag 300 meter sykkelveg med fortau. Flytting av pumpestasjon inngår i arbeidet.

ID734 Fremkome Aspøya

Mål med prosjektet: Prosjektet skal legge til rett for busstrafikk gjennom Kirkegata. Prosjektet er delt inn i to faser der første fasen blir et samarbeid med VA med å oppgradere holdeplass Pensjonisten i østlig retning og belysning langs hele Kirkegata, samt fartsreduksjon fra 50 km/t til 40 km/t. Fase to omhandler den vestlige delen der Kirkegata holdeplass vil bli oppgradert.

Status og evt. merknad økonomi: Del 1 har vært gjennom forhåndskonferanse med PLAN og Byggesak. Oppstartsvedtak ble vedtatt av styringsgruppa 29.08.2025. Det som gjenstår er godkjent byggesøknad. Del 2 er i prosjekteringsfase.

Tidsplan: Planlagt oppstart for del 1 er våren 2026, avhengig av fremdrift hos VA.

ID738 E136 Kollektivpunkt Moa

Prosjektet vart ferdigstilt i 2024. Finansiell avstemming og tildeling av midlar blir gjennomført i 2026.

ID761 Strakstiltak, skoleveg, gangfeltsikring

Mål med prosjektet: Gjøre det tryggere for skolebarn og andre gående at gå.

Status og evt. merknad økonomi: Prosjektet er kontinuerlig der mindre tiltak kan prioriteres.

Tidsplan: Kontinuerlig

ID762 Fortau Ytre Hessen

Mål med prosjektet: Veien har over tid blitt brukt av skolebarn, men uten sikring fra trafikk langs veien. Målet er å lage en trygg transport for barn og unge til og fra skolen, vestover på Hessa. Prosjektet har blitt utvidet for å inkludere nytt kryss ved Sukkertoppveien slik at bussen kan få en raskere og med effektiv rute fra byen og til ytre del av Hessa. Dette finansiert av tilskuddsmidler.

Status og evt. merknad økonomi: Grunnet mangelfull prosjektbeskrivelse så ser vi at prosjektet ikke lenger holder ramme som ble vedtatt av styringsgruppa høsten 2024. Per nå ser vi mulige overskridelser på 3-4,5 mil.kr inkl. mva.

Tidsplan: Skolevegen vart tatt i bruk i startet av desember 2025. Videre arbeid med nytt kryss vil starte i februar 2026 og pågå frem til våren 2026.

ID763 Undergang på Bjørge, Ellingsøy

Det er venta at reguleringsplanen kan vere klar for offentleg ettersyn høsten 2026. Reguleringsplan er venta ferdigstilt i starten av 2027.

ID765 TS-tiltak skoleveg Aspøy skole og sentrum

Mål med prosjektet: Prosjektet har som mål å legge til rette for trygge krysningspunkt for skolebarn rundt skolen. Det blir utført tre punktvisse utbedringer med fokus på landingsareal, belysning og overgangsfelt.

Status og evt. merknad økonomi: Prosjektet har fått oppstartsvedtak 29.08.2025 av styringsgruppa.

Tidsplan: Planlagt oppstart er februar 2026 med ferdigstilling innen sommeren 2026.

ID 767 – Fortau/-sykkelveg Borgundvegen, ved Hatlane skole

Oppstart av reguleringsarbeid på strekning Malaga busstopp – Hatlaåstunnelen.

Myrlandsvegen fortau del 1

Mål med prosjektet: Langs Myrlandsveien vestlige del er det i dag ikke tilrettelagt for myke trafikanter. Dette er endeholdeplass for rute 1 og befinner seg i et større boligområde. Prosjektet har som mål å gjøre det enklere og trygger for beboere å velge bussen gjennom å bygge et fortau langs veien. Dette ses på et effektivt prosjekt dersom det samordnes med SVV angående Myrlandsrampen til E39.

Status og evt. merknad økonomi: To bachelor studenter levert en eksamensoppgave med mål om å legge til rette for gående langs kollektivtraseen på vestlige delen av Myrlandsveien. Denne ble levert i mai 2025. Videre aktivitet er ikke planlagt grunnet begrensede resurser. Prosjektet er ikke prioritert i bypakkens handlingsprogram. Ålesund kommune har et gjenstående beløp etter utgangen av 2029. Dersom mulig vil dette prosjektet bli prioritert.

Tidsplan: Ikke oppstartet

Sykkelveg med fortau Meierikaia-Color Line stadion

Det er vurdert som gjennomførbart å etablere gang- og sykkelveg på sjøsida av E136 for om lag 45 mill. kroner. Tiltaket er lokalt høgt prioritert, og bør blir vurdert vidare i kommande tilskotsordning for mindre byområde.

ID8 Fv. 60 Blindheim-Flisnes

I mai ble trafikken lagt om frå fylkesvegen til den nybygde kommunalvegen, mens oppgraderinga av den eksisterande fylkesvegen pågår. Alle fire undergangane i prosjektet er ferdig bygde. Den nye rundkøyringa ved Blindheimshallen er også ferdig, og vart opna for trafikk til og frå Ramsvika i desember 2025. Prosjektet er snart klar til å fjerne forbelastningen og starte på bygginga av den nye fylkesvegen i februar/mars. Hovedentreprenøren leverte begjæring om oppbud tirsdag 03.03.2026, og selskapet vart erklært konkurs onsdag dagen etter, 04.03.2026. Med all sannsynligheit vil dette påverke framdrifta i prosjektet, som opprinneleg var planlagt ferdig på seinhausten i år.

ID9 E39 Myrland, påkøyringsrampe

Prosjektet skulle opphavleg finansierast frå 2030, men midlane er omdisponerte til ID6. Tiltaket står framleis i porteføljen, men utan styringsramme. Prosjektet er vurdert som viktig både for kollektivtrafikken og trafikksikkerhet og har høgare nytteverdi enn fleire tiltak under ID7 dersom ny finansiering kjem på plass.

ID10 Bomstasjonar

Ny bomstasjon (Lerstadtunnelen) vart installert i 2025. For perioden 2026–2029 er det sett av midlar til vedlikehald av eksisterande bomstasjonar.

ID11 Planlegging og prosjektering

Det står 6,68 mill. i statlege bompengar for ID11. Kommunikasjonskostnader skal fordelast mellom partane i pakken, og det er ønskjeleg for SVV å disponere 3,1 mill. av posten til dette føremålet (2026-2030)

Kommunikasjon

Målet med kommunikasjonsarbeidet er å sørge for at Bypakke Ålesund og prosjekta våre er synleg i regionen, og dermed auke kunnskapen og tilliten til det vi driv med.

I styringsgruppemøtet 29. august 2025 ble det satt av penger til kommunikasjonsressurs frem til 2034. Kostnaden skal deles likt mellom alle tre parter i Bypakke Ålesund.

Det er planlagt byggeaktivitet frem til 2033, og det anses som nødvendig å opprettholde en fast kommunikasjonsressurs i hele perioden. Hovedmålet er å sikre synlighet, øke kunnskap og tillit, samt formidle fremdrift og resultater gjennom blant annet nettsider, sosiale medier, arrangementer og mediekontakt. Behovet for kommunikasjonsressurs etter 2034 skal vurderes i forbindelse med handlingsprogrammet 2031–2034.

Status og evt. merknad økonomi: Ålesund kommune fikk vedtak 29.08.2025 om at kostnaden skal deles likt mellom alle tre parter.

Tidsplan: Kontinuerlig

Vedlegg

Vedlegg 1 – Handlingsprogram 2026-2029, Detaljert oversikt.

Vedlegg 1 – Handlingsprogram 2026-2029, Detaljert oversikt

BYPAKKE ÅLESUND

Handlingsprogram 2026-2029

		2026-kroner			Budsjett 2026			HP 2027			HP 2028			HP 2029			Prognose 2026			
Prosjekt	Finans.	Egen-finans.	Bom	Gjeldende styringsramme	Egen-finans.	Bom	Sum	Egen-finans.	Bom	Sum	Egen-finans.	Bom	Sum	Egen-finans.	Bom	Sum	Egen-finans.	Bom	Sum	
Stat	S	859,6	3 453,2	4 312,8	38,3	651,6	689,9	80,0	615,1	695,1	54,0	157,1	211,1	30,0	54,2	84,2	123,8	633,5	757,3	
Fylkeskommune	F	117,8	505,8	623,7	15,1	99,4	114,5	2,9	12,9	15,8	14,9	66,9	81,8	5,1	23,1	28,2	14,5	86,8	101,3	
Kommune	K	252,3	182,1	434,4	44,9	67,6	112,4	10,1	11,3	21,5	9,1	12,5	21,6	7,6	7,7	15,3	65,6	48,4	114,0	
Sum	SFK	1 229,7	4 141,1	5 370,8	98,3	818,6	916,8	93,0	639,4	732,4	77,9	236,6	314,5	42,7	85,0	127,8	203,9	768,6	972,5	
1	E136 Brosundbro, Waterfront/Posthuskrysset	S	0,0	420,0	420,0	1,0	126,9	127,9	0,0	170,0	170,0	0,0	103,0	103,0	0,0	0,0	0,0	1,0	37,0	38,0
	- Fylkeskommune	F	0,0	49,2	49,2	-0,9	1,7	0,8	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,1	0,3	0,4	
	- Kommune	K	19,1	13,8	33,0	-1,4	6,9	5,5	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	
2	Kollektivknutepunkt i sentrum - Keiser Wilhelmsgt.	FK	19,1	63,1	82,2	-2,3	8,5	6,3	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,1	0,3	0,4	
3	Kollektivknutepunkt ved Ålesund sjukehus	S	14,1	87,6	101,8	1,6	3,7	5,3	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	1,7	3,5	5,2	
	- Stat	S	47,6	218,6	266,2	-2,6	4,6	2,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,2	0,0	0,2	
	- Fylkeskommune	F	14,7	54,7	69,3	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,1	0,3	0,4	
	- Kommune	K	2,0	0,0	2,1	-0,9	0,0	-0,9	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,8	0,0	0,8	
4	Kollektivknutepunkt ved Campus	SFK	64,3	273,3	337,6	-3,5	4,6	1,1	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	1,1	0,3	1,4	
5	E136 Breivika-Lerstad	S	616,9	2 168,3	2 785,2	70,9	511,0	581,9	80,0	440,0	520,0	54,0	50,0	104,0	30,0	50,0	80,0	125,0	555,0	680,0
6	E136 Lerstadtoppen - Campus	S	180,9	420,8	601,7	-28,6	6,4	-22,2	0,0	2,5	2,5	0,0	2,5	2,5	0,0	2,5	2,5	0,0	32,5	32,5
	- Stat	S	0,0	28,5	28,5	-1,1	0,0	-1,1	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	-0,9	1,5	0,6
	- Fylkeskommune	F	34,5	143,0	177,5	-5,5	17,2	11,8	1,3	5,7	7,0	13,7	61,4	75,0	5,0	22,5	27,5	-5,0	0,0	-5,0
	- Kommune	K	90,4	65,3	155,7	-6,5	31,5	25,1	9,5	8,0	17,5	8,5	12,5	21,0	7,0	7,7	14,7	22,1	15,8	37,9
7	Gang- og sykkelveg, trafiksikkerhet og kollektiv	SFK	124,9	236,8	361,7	-13,0	48,8	35,8	10,8	13,7	24,5	22,2	73,9	96,0	12,0	30,2	42,2	16,2	17,3	33,4
	- Fylkeskommune	F	63,8	237,6	301,4	20,4	72,5	92,9	0,5	2,3	2,8	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	18,9	84,8	103,7
	- Kommune	K	115,8	85,1	200,9	48,8	29,7	78,5	0,4	0,7	1,2	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	39,5	29,6	69,1
8	Fv. 60 Blindheim-Flisnes med lokalveger	FK	179,6	322,7	502,3	69,2	102,2	171,4	1,0	3,0	4,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	58,4	114,4	172,8
9	E39 Myrland, påkjøringsrampe	S	0,0	47,2	47,2	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
10	Bomstasjoner	S	0,0	55,5	55,5	-2,9	-1,0	-3,9	0,0	2,0	2,0	0,0	1,0	1,0	0,0	1,0	1,0	-3,2	4,0	0,8
	- Stat	S	0,0	6,7	6,7	0,0	0,0	0,0	0,0	0,6	0,6	0,0	0,6	0,6	0,0	0,6	0,6	0,0	0,0	0,0
	- Fylkeskommune	F	4,9	21,4	26,3	1,1	8,0	9,1	1,1	4,9	6,0	1,2	5,6	6,8	0,1	0,6	0,7	0,5	1,3	1,8
	- Kommune	K	25,0	17,8	42,7	4,8	-0,5	4,3	0,2	2,6	2,8	0,5	0,0	0,5	0,6	0,0	0,6	3,2	3,0	6,2
11	Planlegging og prosjektering	SFK	29,9	45,9	75,7	5,9	7,4	13,3	1,3	8,2	9,4	1,8	6,2	8,0	0,7	1,3	2,1	3,7	4,3	8,0